



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Dei vidaregåande skolane
Lærarorganisasjonane
Opplæringskontora
LO
NHO

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		44668/2016/	Geir Løkhaug, 71 25 87 90	08.07.2016

Skolebruksplanen 2017-2020, høringsbrev

Fylkesutdanningssjefen sender med dette brevet forslag til skolebruksplan 2017-2020 ut på høyring.

I arbeidet med forslaget til skolebruksplanen er det gjennomført møter med alle skolene. Tema for møta har vore utviklinga av elevtal, søkjartal, skolebruksplanen 2016-2019 og arbeidet med kapasitetsjusteringar for skoleåret 16/17 på kvar enkelt skole. Skolane har lagt fram sine ønskjer for skolebruksplanen for 2017-2020 med vekt på skoleåret 17/18.

Hovudvekta i vurderingane er lagt på om tilboda skal vere søkbare eller ikkje. Kapasiteten er og diskutert og lagt inn i forslaget til kvar enkelt skole, men denne vil ein kunne justere når søkjartala ligg føre våren 17.

Frist for høyringsfråsegn er sett til 09.09.2016

Grunnlag

Høringa er basert på data frå 1. inntak til skoleåret 2016/2017. Det er eit mål at kapasiteten i skolebruksplanen vert sett slik at krava vedtatt i sak Ud-5/14 vert stetta. Høyringsforslaget er utarbeidd i tråd med dette. Sak Ud-5/14 omhandla nye tilbod og ressursar til særskilte tilbod. I saka vart det mellom anna fatta følgjande vedtak:

1. Minimum inntakskapasitet vert sett til 65 % av vedteke klassekapasitet i skolebruksplanen.
2. For småskalatilbod vert minimum kapasitet sett til 4 ungdomsrettsøkarar.
3. For halvklassar innafor yrkesfag som rekrutterer til lærefag vert minimum kapasitet sett til 6 elevplassar.
4. For TAF-tilboda vert minimum kapasitet ved inntaket sett til 10 elevplassar.
5. Nye tilbod skal i vere søkbare i tre påfølgjande skoleår. Dersom det ved tredje forsøk ikkje lukkast å etablere tilbodet vert det teken ut av tilbodsstrukturen.

Inntakstala for skoleåret 2015/2016 viste at av den samla kapasiteten på 10387 elevplassar var det etter 2. gongs inntak 910 ledige plassar. Den totale elevkapasiteten er målt etter at det var gjort tilpassingar i samband med inntaket.

Ved utarbeidinga av skolebruksplanen er «Lokal forskrift om inntak til vidaregåande opplæring» brukt. Vi viser til § 3 i den lokale forskrifta om inntaket i Møre og Romsdal: «Fylkesutdannings sjefen gir tilbod til alle søkjarar med ungdomsrett.

Fylkesutdannings sjefen gir så langt råd tilbod om tilbod til søkjarar med fullføringsrett».

Tabell 1 – ledige elevplassar skoleåret 2015/ 2016

Tabell 2- Oppfyllinga på Vg1

I sak Ud-15/16 vedtok Utdanningsutvalet at desse tilboda ikkje vert sett i gang skoleåret 2016/2017:

Atlanten vgs:

Vg1 musikk, dans og drama med fordjuping dans

Herøy vgs, avd. Vanylven:

Vg2 helsearbeidarfag

Vg2 industriteknologi

Herøy vgs:

Vg2 byggteknikk

Kristiansund vgs:

Vg2 interiør og utstillingsdesign

Vg2 brønnteknikk

Molde vgs:

Vg 1 studiespesialisering, internasjonalisering

Vg 2 språk, samfunnsfag og økonomi med internasjonalisering

Vg 2 realfag med internasjonalisering.

Rauma vgs:

Vg2 barne og ungdomsarbeidarfag

Romsdal vgs:

Vg1 elektrofag, studiekompetanse 3-årig

Vg1 teknikk og industriell produksjon, studiekompetanse 3-årig

Stranda vgs:

Vg1 restaurant og matfag

Sunndal vgs:

Vg1 bygg og anleggsteknikk

Vg2 byggteknikk

Vg2 helsearbeidarfag

Surnadal vgs:

Vg2 transport og logistikk

Tingvoll vgs:

Vg2 helsearbeidarfag

Vg3 medium og kommunikasjon

Ålesund vgs:

Vg2 kjemiprosess

Etter vedtaket i sak Ud-15/16 er det sett i gang eit prøveprosjekt over 2 år ved Sunndal vgs i samarbeid med Sunndal kommune. Tilboda dette gjeld er lagt inn i skolebruksplanen for 2016/17. (Vg1 bygg og anleggsteknikk, Vg2 byggteknikk, Vg2 helsearbeidarfag).

Utfordringar i planperioden

Saka om «Struktur i vidaregåande opplæring»

For skolebruksplanen 2017/20 er planlegginga gjort under føresetnad av at endringane som vert

vedtekne i handsaminga av struktursaka ikkje får følger for skoleåret 17/18. Skolebruksplanen for 2018/19 og 19/20 er og laga slik. Usikkerheita er difor større for desse åra. Eventuelle endringar som følgje av saka om «Struktur i vidaregåande opplæring» vil ein kome tilbake til i «Skolebruksplanen for 2018-2021.»

Ysk-tilbodet

Ysk- tilbodet er handsama i Utdanningsutvalet i eiga sak Ud-18/16. Også til skoleåret 16/17 har det vore utfordrande for skolane i få nok bekrefta intensjonsavtalar. Det er ikkje gjort endringar for YSK-tilbodet i skolebruksplanen for skoleåret 17/18.

Eventuelle endringar vil kome som eit resultat av vedtaket i saka om «Struktur om vidaregåande opplæring»

Halve klassar og marginale tilbod

Å oppretthalde halve klassar, klassar med svak oppfylling og små grupper er kostnadskrevjande. Med ei framtid som truleg gir fylkeskommunen og sektoren økonomiske utfordringar er det viktig at strukturen er robust og føreseieleg og at ein ikkje har tilbod som ein er usikker på om vil kome i gong. Ein viser her til vedtaket i sak UD-5/14 om krav til oppfylling (minimum 65 % av klassekapasiteten).

Lære plassar og kapasitet

Det er framleis nedgang i oljeindustrien, noko som gjer at det er utfordrande å skaffe nok læreplassar i industrifag, maritime fag og elektrofag.

Det er framleis stor søking til desse faga, men på grunn av få læreplassar er det ikkje tilrådeleg å auke talet på klassar til neste år.

For skoleåret 2016/2017 er VG2 brønnteknikk tatt ut av tilbodet ved Kristiansund vgs på grunn av lav søking. Det er framleis for få læreplassar i dette faget og vi anbefalar å ta tilbodet ut også for skoleåret 2017/2018. Tilbodet er lagt inn igjen frå skoleåret 18/19.

Fylkesutdanningssjefen vurderer å sette i gang fleire tilbod med alternativ opplæring i VG3. Dette gjeld helse- og oppvekstfag, tømrrarfag, elektrofag og i ein del industrifag.

Nye tilbod

Nye tilbod skal kvalitetssikrast av fylkesutdanningssjefen slik at dei er i samsvar med godkjende læreplaner og gjeldande dokumentasjonsordningar. Difor må forslag om nye tilbod ligge føre i god tid før skolebruksplanprosessen tek til.

Skolane som kjem med slike søknader må legge ved ein detaljert plan for fag og timefordeling før saka skal politisk behandlast.

Nye tilbod skal i utgangspunktet vere søkbare i tre påfølgjande skoleår. Dersom det ved tredje forsøk ikkje lukkast å etablere tilbodet vert det teken ut av tilbodsstrukturen.

Volda vgs ønsker å tilby utdanningsprogrammet Kunst design og arktitektur. Dette er lagt i planen frå skoleåret 17/18. Romsdal vgs ønsker å gi tilbod om Vg2 Aktivitør. Dette er lagt inn frå skoleåret 18/19.

Småskalatilbod

Føresetnaden for småskalatilbod er eit nært samarbeid med lokalt næringsliv slik at ein mellom anna sikrar ei god opplæring i faget Prosjekt til fordjuping. Dersom ein ikkje forankrar småskalatilboda i lokale verksemdar er det ikkje grunnlag for å sette i gang småskalatilbod. Fylkesutdanningssjefen vil som grunnlag for å oppretthalde småskalatilboda krevje at skolane har avtaler med lokale verksemdar om gjennomføring av opplæringa. Det er viktig at ein saman har ein gjennomføringsplan for å sikre


kvaliteten og ivareta læreplanmål i opplæringa. Spesielt er det viktig at ein nyttar heile Prosjekt til fordjuping i opplæring i bedrift. Underskrivne avtaler skal være på plass før 1. mars.

Læreplassar og yrkesfaglege tilbod

Det er ei utfordring at det er for få elevar frå Vg2-yrkesfaglege kurs som teiknar lærekontrakt. Skal ein oppretthalde omfanget på yrkesfaglege elevplassar i framlegget til skolebruksplanen, føreset det at skolane har ein aktiv rolle i formidling av elevar til læreplass i bedrift.

Det er ein føresetnad for å starte opp småskalatilbod at tilbodet kan kombinerast med ein ordinær klasse for å kunne dekke opplæringa i fellesfaga.


Årgangstal i perioden



Tabell 1


Tala er henta frå «Grunnskolen Informasjons System» (GSI) der kommunane og private skolar skal legge inn faktiske tal på trinna 1-10. For planperioden legg ein desse tala til grunn. Tala viser at elevtalet i fylket samla sett vil gå noko ned i planperioden med det svakaste året i 18/19.

Ved berekninga av tala for inntaksregionane er det og gjort eit overslag over søking inn og ut av regionen. Det er sjølv sagt knytt noko uvisse til desse tala. Ein samletabell med tala for inntaksregionane er vedlagt.




Tabell 2

Årgangstala for inntaksregion Surnadal viser stabilt tall fram til skoleåret 17/18. Frå skoleåret 18/19 og framover vil det blir det ei utfordring å ha nok elevar til å kunne starte opp alle tilboda. Skolen er klar over utfordringa og ser at ein må starte eit arbeid med å justere tilbodsstrukturen ved skolen. For skoleåret 17/18 er skolebruksplanen for 16/17 vidareført med unntak for Vg2 transport som etter avtale med skolen er tatt ut.




Tabell 3

Årgangstala for inntaksregion Sunndal viser stabile tal rundt 85 utanom ein topp i skoleåret 19/20. For skoleåret 17/18 er skolebruksplanen for 16/17 vidareført.



Tabell 4

Årgangstalet for inntaksregion Tingvoll er stabilt på noko over 45. Skolen vil difor fortsatt ha ei utfordring med å oppretthalde alle tilboda. For skoleåret 17/18 er skolebruksplanen for 16/17 vidareført.




Tabell 5

Årgangstala for inntaksregion Kristiansund viser ein svak nedgang fram mot skoleåret 21/22 med unntak av ein topp i 19/20.

Kristiansund vgs: For skoleåret 17/18 er skolebruksplanen for 16/17 vidareført med unntak av Vg2 Interiør og utstillingsdesign og Vg2 brønnteknikk som er tatt ut av planen. Vg2 brønnteknikk er lagt inn igjen frå skoleåret 18/19.

Atlanten vgs: For skoleåret 17/18 er skolebruksplanen for 16/17 vidareført.




Tabell 6

Årgangstala viser at Fræna vgs i åra som kjem vil få ein auke i elevtalet med ein topp i slutten av perioden. På grunn av denne auken må truleg kapasiteten aukast utover i perioden. For skoleåret 17/18 er skolebruksplanen for 16/17 vidareført.

Gjermundnes vgs

Det er ikkje berekna noko elevgrunnlag for skolen sidan skolen rekrutterer frå heile fylket. For skoleåret 17/18 er skolebruksplanen for 16/17 vidareført. Søkinga til tilboda innan grønt naturbruk veks og kapasiteten er difor auka noko i planperioden.




Tabell 7

Tala for inntaksregion Molde varierer mellom 587 i skoleåret 17/18 og 515 i skoleåret 18/19.


Romsdal vgs: For skoleåret 17/18 er skolebruksplanen for 16/17 vidareført. Vg2 Aktivitør er lagt inn i planen frå skoleåret 18/19.

Molde vgs: For skoleåret 17/18 er skolebruksplanen for 16/17 vidareført. Skolen har valt å ikkje tilby Studiespesialisering med internasjonalisering.




Tabell 8

For inntaksregion Rauma ligg tala rundt 100. Skolen kan få ei utfordring i skoleåret 17/18 med eit elevgrunnlag berekna til 84 vg1-elevlar. Det er mellom anna usikkerheit knytt til Vg2 Elenergi. Det er planlagt småskala for dette tilbodet i heile planperioden. For skoleåret 17/18 er skolebruksplanen for 16/17 vidareført.



Tabell 9


Tala for inntaksregion Haram er stabile på rundt 90 med ein topp i 17/18. For skoleåret 17/18 er skolebruksplanen for 16/17 vidareført.



Tabell 10

Tala for inntaksregion Stranda viser ein nedgang i heile perioden. Det vil etter kvart bli ei utfordring å oppretthalde alle tilboda ved skolen.


For skoleåret 17/18 er skolebruksplanen for 16/17 vidareført. I tillegg er restaurant og matfag er lagt inn igjen frå skoleåret 17/18. Søkinga vil bestemme kva tilbod som vert sett i gang.



Tabell 11

Tala for inntaksregion Sykkylven viser ein nedgang i heile perioden og utviklinga er særleg svak i slutten

av perioden. Det kan etter kvart bli ei utfordring å oppretthalde alle tilboda ved skolen. For skoleåret 17/18 er skolebruksplanen for 16/17 vidareført.



Tabell 12

Tala for inntaksregion Ålesund vil ligge på om lag 1000 elevar i perioden, noko svakare i 18/19 og 19/20.


Ålesund vgs: For skoleåret 17/18 er skolebruksplanen for 16/17 vidareført. Kjemiprosess er søkbart i skoleåret 17/18, men er teke ut av planen frå 18/19. Det må gjerast ei ny vurdering av dette når ein ser søkinga.

Spjelkavik vgs: For skoleåret 17/18 er skolebruksplanen for 16/17 vidareført.

Borgund vgs: For skoleåret 17/18 er skolebruksplanen for 16/17 vidareført.

Fagerlia vgs: For skoleåret 17/18 er skolebruksplanen for 16/17 vidareført.

I skolebruksplanen er flyttinga av Idrettsfag frå Ålesund vgs til Spjelkavik vgs innarbeida frå skoleåret 19/20.




Tabell 13

Tala for inntaksregion Indre Sunnmøre viser stabile tal på om lag 250 med ein topp i skoleåret 17/18.

Volda vgs: For skoleåret 17/18er skolebruksplanen for 16/17 vidareført med unntak av service og samferdsel som utgår og vert lagt til Ulstein vgs og at eit studieførebuande tilbod om Kunst, design og arkitektur er lagt til frå skoleåret 2017/18.

Ørsta vgs: For skoleåret 17/18er skolebruksplanen for 16/17 vidareført med unntak av at det vert lagt inn eit tilbod om V2 helseservicefag. Det er og foreslått ei auke i kapasiteten på Vg2 byggteknikk, Vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag og Vg2 Helseservicefag.




Tabell 14

Tala for inntaksområde ytre Søre Sunnmøre er stabile på noko over 300. Det er ein svakt stigande tendens etter skoleåret 17/18.

Ulstein vgs: For skoleåret 17/18 er skolebruksplanen for 16/17 vidareført. Kapasiteten på Vg1 Servise og samferdsel aukar med ein klasse frå 17/18. Kapasiteten er og auka vidare i planperioden for dette tilbodet. Vi viser til det som står under Volda vgs om flyttinga av tilbodet.

Herøy vgs: For skoleåret 17/18 er skolebruksplanen for 16/17 vidareført.



Tabell 15

Tala for inntaksområde Vanylven er sterkt fallande utover i perioden. Det vil bli store utfordringar med å oppretthalde tilbodet ved skolen allereie frå skoleåret 17/18. I skolebruksplanen er tilboda likevel oppretthaldne for skoleåret 17/18. Det er, med bakgrunn i gode elevtal på Vg1 i skoleåret 16/17, og lagt inn Vg2 tilbod i Industriteknologi og Helsearbeidarfag.

Med helsing

Rune Solenes Opstad
kst. fylkesutdanningsjef

Geir Løkhaug
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur